

FRAMLEGG TIL

Vedtekter for Ål Mållag

- §1. Ål Mållag vil samle folket i Ål kommune til å arbeide for å fremja bruk av dialekt i tale og nynorsk i skrift.
- §2. Alle dei som vil fremja lagsføremålet og betalar årspengane som til ei kvar tid gjeld, kan vera medlemer.
- §3. Arbeidsåret blir rekna frå 1. januar til 31. desember.
- §4. Laget er innmeldt i Buskerud Mållag og godkjenner vedtektene for fylkesmållaget.
- §5. Årsmøtet blir halde innan utgangen av februar. Møtet skal gjerast kjent med minst 14 dagars varsel. Ekstraordinært årsmøte blir halde dersom styret vedtek det eller minst ¼ av medlemene krev det. Røysterett har alle som har betalt medlemspengar innan siste årsskiftet. Årsmøtet skal godkjenne årsmelding og rekneskap, vedta budsjett og arbeidsplan og velje personar til verv etter §6.
- §6. Årsmøtet vel:
 - a) leiar ved særskilt val kvart år,
 - b) 4 styremedlemer med 3 varafolk. Styremedlemene vert valde for to år om gongen, og halvparten står på val kvart år. Varafolk vert valde for eitt år om gongen,
 - c) ettersynsmann/-kvinne for rekneskapen,
 - d) utsendingar til årsmøtet i Noregs Mållag. Dette kan årsmøte overlata til styret.
- §7. Styret er vedtaksført når tre styremedlemer er til stades. Styret fører referat over møte og vedtak i styret og laget. I tillegg til vedteke budsjett kan styret ved særskilde høve nytte inntil 25% av den frie kapitalen, utanom bokfondet. Ved likt røystetal gjer leiaren utslaget. Styret legg fram for årsmøtet melding om arbeidsåret, ettersedd rekneskap og framlegg til arbeidsprogram og budsjett for komande år.
- §8. Det skal haldast styremøte når leiaren ønskjer det, eller når minst to styremedlemer krev det.
- §9. Lagsmøte blir samankalla av styret. I særhøve, kan også leiaren gjera det. Røysterett på eit møte har alle som har betalt årspengane. Alle lagsvedtak blir gjorde med vanleg fleirtal. Står røystene jamt, gjer leiaren utslaget.
- §10. Laget er å rekne som nedlagt når det kjem ned i eit medlemstal på under 10. Fylkeslaget kan dessutan rekne laget som nedlagt dersom det tre år på rad ikkje blir halde årsmøte og sendt årsmelding.
- §11. Skulle laget bli oppløyst eller skifte føremål, så det ikkje lenger arbeider i samhøve med §1 i desse vedtektene, går det som laget eig over til Buskerud Mållag som førebels tek vare på eiga. Skulle det så innan fem år bli skipa eit nytt mållag for Ål kommune, og det bind seg til §1 i desse vedtektene og elles tek ved vedtekter som blir godkjende av styret i Buskerud Mållag, skal eiga gå attende til laget. Blir det ikkje innan fem år skipa eit nytt lag som fyller desse vilkåra, går eiga

til endeleg inntekt for fylkesmållet. Styret i Buskerud Mållag avgjer med endeleg verknad dei skjønsspørsmål denne paragrafen gjev høve til.

- §12. Framlegg til endringar i vedtektene må vera kjende for medlemene minst tre veker før årsmøtet. Endringsframlegget må få tilslutnad av minst 2/3 av dei som røystar. Endring av §§ 1, 4, 11 og 12 krev tilslutnad frå minst 90% av dei som røystar og må gjerast på to ordinære årsmøte etter kvarandre.

Vedteke på årsmøte